



**Organisation for Economic Co-operation and Development  
(OECD)**

**Teaching and Learning International Survey (TALIS) 2024**

## **Spørjeskjema til lærarar på ungdomstrinnet**

Hovudundersøkjingsversjon

Norsk nynorsk

### **Nasjonal prosjektleiing**

Institutt for lærerutdanning og skoleforskning/EKVA  
Universitetet i Oslo

### **International Consortium**

International Association for the Evaluation of Educational Achievement (IEA),  
Nederland og Tyskland

Australian Council for Educational Research (ACER), Australia

RAND Europe, United Kingdom

## TQ\_Start\_nn-NO



**Organisation for Economic Co-operation and Development  
(OECD)**

**Teaching and Learning International Survey (TALIS) 2024**

---

## TQ\_Introduction\_nn-NO

### **Om TALIS 2024**

Den fjerde studien om undervisning og læring (TALIS 2024) er ei internasjonal spørjeundersøking som gir lærarar og rektorar høve til å gi informasjon som kan brukast i forskning, analyse og utforming av politikk i skolesektoren. TALIS blir gjennomført i regi av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), og Noreg deltek i studien saman med meir enn femti andre land.

Samanliknande analysar mellom landa som deltek i TALIS, vil gjere det mogleg å identifisere felles utfordringar og å lære frå tilnærmingane i andre land. I TALIS-

undersøkinga gir skoleleiarar og lærarar informasjon om ulike tema, til dømes fagleg og yrkesmessig utvikling, syn på og praksis i undervisninga, vurdering av lærarane sitt arbeid og kva tilbakemeldingar dei får på arbeidet sitt, i tillegg til tema som er knytte til skoleleiing, arbeidssituasjonen generelt og skolemiljøet.

Formålet med TALIS-undersøkinga er å gi eit bilete av praksis i skolen i dei ulike deltakarlanda. Det vil vere ulike tilnærmingar til undervisning innanfor kvart einskilt land og mellom land. Vi er avhengige av kompetansen din og den praktiske erfaringa di for å få eit så nøyaktig bilete som råd av arbeidsoppgåvene dine og korleis du vurderer skolekvardagen.

Sidan dette er ei internasjonal undersøking, kan det vere at enkelte spørsmål ikkje passar veldig godt i ein norsk samanheng. I desse tilfella ber vi deg likevel svare så godt du kan.

## **Konfidensialitet**

All informasjon som er samla gjennom denne studien, vil bli behandla konfidensielt. Det vil ikkje vere mogleg å identifisere einskildindivid eller einskilde skolar i den endelege rapporteringa. Resultat blir berre rapporterte på nasjonalt nivå eller for grupper av skolar. Det er frivillig å delta i undersøkinga; sjå personvernerklæringa for nærmare informasjon.

## **Om spørjeskjemaet**

- Når spørsmålene nevner 'denne skulen' mener dei den skulen der du er ansatt.
- Det tek mellom 45 og 60 minutt å svare på spørjeskjemaet.
- Rettleiingar for å svare på spørsmåla er skrivne i kursiv.
- Dei fleste spørsmåla kan du svare på ved å markere det svaret som passar best.
- Ver vennleg og svar på det elektroniske spørjeskjemaet innan 19. april.
- Dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon om spørjeskjemaet eller undersøkinga, kan du nå oss på telefon eller e-post: tlf.: 22 84 44 98, e-post: talis.skole@nifu.no

# Tusen takk for at du deltek!

---

## TQ\_Headline\_Background\_nn-NO

### Bakgrunn og utdanning

*Desse spørsmåla handlar om deg, utdanninga di og den tida du har vore lærar. For å svare på spørsmåla vel du det svaralternativet som passar, eller du skriv eit tal der du blir spurd om det.*

---

## TQ\_01\_nn-NO

### Kva kjønn er du?

*Vel berre eitt alternativ.*

☐ Kvinne

☐ Mann

☐ Anna

---

## TQ\_02\_nn-NO

### Kva er alderen din?

Skriv alderen din her.

 År

---

## TQ\_04\_nn-NO

### Korleis fekk du den første undervisningskompetansen din?

*Med «lærarutdanning med integrert praktisk pedagogisk utdanning» er det meint eit studium der faginnhald, pedagogikk, praksis og andre kurs er integrerte, og som gir framtidige lærarar formell undervisningskompetanse.*

*Med «lærarutdanning med etterfølgjande praktisk pedagogisk utdanning» er det meint eit todelt studieløp, der den eine delen er ei høgre utdanning med fagleg fordjuping, medan den andre delen er praktisk pedagogisk utdanning som gir framtidige lærarar formell undervisningskompetanse.*

*Vel berre eitt alternativ.*

- ☐ Ei lærarutdanning med integrert praktisk pedagogisk utdanning
- ☐ Ei lærarutdanning med etterfølgjande praktisk pedagogisk utdanning

- ☐ Berre fagspesifikk utdanning
- ☐ Eg har ei anna formell utdanning enn dei som er nemnde ovanfor.
- ☐ Eg har ingen formell kompetanse, korkje i faget eg underviser i når det gjeld pedagogisk utdanning.
- 

## TQ\_05\_nn-NO

**Når fullførte du utdanninga som kvalifiserte deg for å undervise?**

*Det held å oppgi eit omtrentleg år.*

*Skriv eit årstal.*

---

## TQ\_06\_nn-NO

**Kor einig eller ueinig er du i utsegnene nedanfor om den første lærarutdanninga di?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært enig

a) Utdanninga gav meg ei grundig forståing av faget/faga eg underviser i.

☐☐☐☐

b) Utdanninga gav meg dei verktøya eg treng for å leie klassa på ein god måte.

☐☐☐☐

c) I utdanninga var det sett av nok tid til klasseromsobservasjon.

☐☐☐☐

d) Utdanninga var godt balansert med tanke på dei teoretiske og praktiske sidene ved lærarjobben.

☐☐☐☐

e) Utdanninga gav meg gode nok høve til å få undervisningspraksis i skolen.

☐☐☐☐

f) Alt i alt hadde lærarutdanninga høg kvalitet.

☐☐☐☐

---

**TQ\_07\_nn-NO**

# **I kva grad følte du at den formelle utdanninga di førebudde deg på kvart av dei nemnde områda knytte til undervisninga di dette skoleåret?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile teke

Til ein viss grad

Ganske mykje

Mykje

a) Innhaldet i nokre av eller i alle dei faga eg underviser i

☐☐☐☐

b) Didaktikk innanfor nokre av eller i alle dei faga eg underviser i

☐☐☐☐

c) Generell pedagogikk

☐☐☐☐

d) Klasseromspraksis innanfor nokre av eller i alle dei faga eg underviser i

☐☐☐☐

e) Undervisning i eit fleirkulturelt eller fleirspråklig miljø

☐☐☐☐

f) Bruk av digitale ressursar og verktøy i undervisninga

☐☐☐☐



g) Støtte elevenes sosiale og emosjonelle utvikling

☐☐☐☐

h) Engasjere elevane i miljømessig berekraft

☐☐☐☐

---

## TQ\_08\_nn-NO

### Var læraryrket førstevallet ditt?

*Å ha ein karriere inneber å ha ein betalt jobb som etter alt å dømme kjem til å forme det yrkesaktive livet ditt.*

*Vel berre eitt alternativ.*

☐

Ja

☐

Nei

---

## TQ\_Headline\_Current\_Work\_nn-NO

### Noverande arbeid

---

## TQ\_09\_nn-NO

**Kva slags tilsetjingsforhold har du ved denne skolen?**

*Vel berre eitt alternativ.*

- ☐ Fast stilling
- ☐ Midlertidig stilling, meir enn eitt skoleår
- ☐ Midlertidig stilling, eitt skoleår eller mindre

---

## TQ\_10\_nn-NO

**Er du tilsett som lærar på ungdomstrinnet ved ein annan skole?**

*Vel berre eitt alternativ.*

- ☐ Ja
  - ☐ Nei
-

## TQ\_11\_nn-NO

**Dersom du svarte «Ja» på det førre spørsmålet, oppgi kor mange andre skolar du arbeider ved som lærar på ungdomsskulen.**

*Skriv talet her.*

Skole (Skolar)

---

## TQ\_12\_nn-NO

**Kva er det noverande tilsetjingsforholdet ditt som lærar ved denne skolen?**

*Vel berre eitt alternativ.*

☐

Fulltid (meir enn 90 % av heil stilling)

☐

Deltid (71–90 % av heil stilling)

☐

Deltid (50–70 % av heil stilling)

☐

Deltid (mindre enn 50 % av heil stilling)

---

## TQ\_13\_nn-NO

**Kor mange år med arbeidserfaring har du, uavhengig av om du har arbeidd fulltid eller deltid?**

*Ikkje ta med lengre permisjonsperiodar, til dømes foreldrepermisjon.*

*Skriv eitt tal på kvar linje. Skriv «0» (null) dersom du ikkje har noka arbeidserfaring.*

*Rund av oppover til heile år. Om dette er det første året ditt som lærar, skriv du altså «1».*

a) År som lærar ved denne skolen

b) År som lærar totalt

c) År tilsett i andre stillingar innanfor utdanning, ikkje som lærar (t.d. foreles på universitet, sjukepleiar)

d) År tilsett i stillingar utanfor utdanningssektoren

---

## TQ\_14\_nn-NO

**Om lag kor mange heile timar (60 minutt) brukte du totalt på oppgåver knytte til jobben din ved denne skolen i den siste fullstendige kalenderveka?**

*Ta med tid brukt på undervisning, planlegging av timar, retting/vurdering, samarbeid med andre lærarar, deltaking på personalmøte, deltaking i profesjonell læring og andre arbeidsoppgåver. Ta òg med oppgåver som du arbeidde med på kveldstid, i helgar eller på andre tidspunkt utanom undervisningstida.*

*Ei «fullstendig» kalenderveke er ei veke som ikkje blei forkorta av avbrot, offentlege fridagar, sjukefråvær eller liknande.*

*Rund av til nærmaste heile time.*

Timar totalt

---

**TQ\_15\_nn-NO**

**Av dette totale timetalet, kor mange heile timar (60 minutt) brukte du på å undervise ved denne skolen i den siste heile kalenderveka?**

*Ta berre med faktisk undervisningstid.*

*Tid brukt på førebuingar, retting/vurdering, profesjonell læring osv. blir registrert i det neste spørsmålet.*

*Rund av til nærmaste heile time.*

Timar med undervisning

---

## TQ\_16\_nn-NO

**Om lag kor mange timar (60 minutt) brukte du på oppgåvene nemnde nedanfor ved denne skolen i den siste fullstendige kalenderveka?**

*Ta med oppgåver der du arbeidde på kveldstid, i helgar eller på andre tidspunkt utanom undervisningstida. Ikkje ta med tid brukt på undervisning, då dette blei registrert i det førre spørsmålet.*

*Det held med grove overslag.*

*Dersom du ikkje utførte den nemnde oppgåva i den siste fullstendige kalenderveka, skriv «0» (null).*

*Rund av til nærmaste heile time.*

- a) Individuell planlegging eller førebuing av timar, anten på skolen eller utanfor skolen

Timar

- b) Teamarbeid og dialog med kollegaer på skolen

Timar

- c) Retting/vurdering/karaktersetjing av elevarbeid

Timar

d) Rådgiving av elevar (t.d. rettleiing ansikt til ansikt, nettbasert rettleiing, yrkesrettleiing og rettleiing som gjeld åtferd)

Timar

e) Deltaking i leiing av skolen

Timar

f) Generelt administrativt arbeid (t.d. kommunikasjon, papirarbeid og andre kontoroppgåver)

Timar

g) Profesjonell kompetanseutvikling

Timar

h) Kommunikasjon og samarbeid med foreldre eller føresette

Timar

i) Deltaking i fritidsaktivitetar (t.d. idretts- og kulturaktivitetar etter skoletid)

Timar

j) Andre arbeidsoppgåver

Timar

---

# TQ\_Headline\_Professional\_Learning\_nn-NO

## Fagleg og yrkesmessig utvikling

*I denne delen er «fagleg og yrkesmessig utvikling» definert som aktivitetar som har som mål å utvikle individuelle ferdigheitar, kunnskap, ekspertise og andre typiske kjenneteikn ved ein lærar.*

*Tenk berre på den faglege og yrkesmessige utviklinga du har hatt etter at du var ferdig med den første lærarutdanninga di.*

---

## TQ\_17\_nn-NO

### **Deltok du i nokon innføringsaktivitetar då du begynte å arbeide ved denne skolen?**

*«Innføringsaktivitetar» er meinte å skulle støtte nye lærarar ved å gi dei ei innføring i læraryrket, og dessutan å støtte erfarne lærarar som er nye ved skolen.*

*Slike aktivitetar er anten organiserte som «formelle innføringsprogram», som inneber jamleg rettleiing frå rektor, redusert undervisningsplikt, formelle rettleiingsordningar med erfarne lærarar osv., eller det er «uformelle innføringsaktivitetar», det vil seie ustrukturerte eller ikkje-planlagde aktivitetar, som generell informasjon om skolen og arbeidet, uformelt samarbeid med andre nye lærarar, velkomsthåndbok o.l.*



*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Eg deltok i eit formelt innføringsprogram.

☐☐

b) Eg deltok i uformelle innføringsaktivitetar.

☐☐

---

## TQ\_18\_nn-NO

**Var tilboda nemnde nedanfor ein del av den innføringa du fekk då du begynte å arbeide ved denne skolen?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Personleg deltaking på kurs/seminar/workshops

☐☐

b) Nettbaserte kurs/seminar/workshops

☐☐

c) Nettbaserte aktiviteter (t.d. nettsamfunn)

☐☐

d) Planlagde møte med rektor og/eller erfarne lærarar

☐☐

e) Rettleiing frå rektor og/eller erfarne lærarar

☐☐

f) Nettverk/samarbeid med andre nye lærarar

☐☐

g) Undervisning i team saman med erfarne lærarar

☐☐

h) Bruk av pedagogisk mappe/dagbok/journal

☐☐

i) Redusert undervisningsplikt

☐☐

j) Generell innføring i administrative oppgåver

☐☐

k) Observasjon av lærarar ved skolen

☐☐

---

## TQ\_19\_nn-NO

### **Deltek du for tida i eit formelt mentoropplegg ved denne skolen?**

*Eit «mentoropplegg» går ut på at erfarne lærarar tilbyr systematisk støtte til mindre erfarne lærarar. Eit slikt opplegg kan omfatte alle lærarane ved skolen eller berre nye lærarar.*

*Dette spørsmålet dreier seg ikkje om rettleiing av lærarstudentar som er i praksis ved skolen.*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Eg er for tida tildelt ein mentor som støttar meg.

☐☐

b) Eg er for tida sjølv mentor for éin eller fleire lærarar.

☐☐

---

## TQ\_20 (LRN)\_nn-NO

**Har du i dei siste 12 månadene delteke i nokon av dei nemnde aktivitetane for fagleg eller yrkesmessig utvikling?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja, personleg

Ja, nettbasert

Ja, personleg og  
nettbasert

Nei

a) Kurs/seminar/workshops

☐☐☐☐

b) Utdanningskonferansar der lærarar og/eller forskarar presenterer  
forskning eller diskuterer pedagogiske tema

☐☐☐☐

c) Formelle kvalifikasjonsprogram (t.d. utdanning som gir studiepoeng)

☐☐☐☐

d) Besøk på andre skolar for å få idear til eiga undervisning

☐☐☐☐

e) Besøk hos bedrifter, offentlege verksemder eller andre organisasjonar  
relaterte til undervisninga mi

☐☐☐☐

f) Refleksjonar omkring klasseromsobservasjonar

☐☐☐☐

g) Formalisert rettleiing/coaching av kollegaer ved skolen

☐☐☐☐

h) Formelle eller uformelle lærarnettverk som er danna med tanke på fagleg og yrkesmessig utvikling

☐☐☐☐

i) Læringsaktivitetar på eige initiativ

☐☐☐☐

j) Anna

☐☐☐☐

---

## TQ\_21 (LRN)\_nn-NO

**Har nokon av dei emna som er oppførte nedanfor, vore inkludert i den faglege og yrkesmessige utviklinga di i dei siste 12 månadene?**

*«Elevar med rett til spesialpedagogisk» hjelp er de som er identifisert etter en sakkyndig vurdering fordi de er mentalt, fysisk, eller emosjonelt vanskeligstilt. Disse barna vil vanligvis være tildelt særskilt støtte. Dette innebærer ofte offentlige eller private ressurser (menneskelige, materielle eller finansielle) for å støtte deres utvikling.*

*«Miljømessig berekraft» inneber at vi som lever i dag, får dekt våre grunnleggjande behov utan at det gjer det vanskelegare for framtidige generasjonar å få dekt sine behov. Det er ein måte å tenkje på framtida på, der miljømessige, samfunnsmessige og økonomiske omsyn blir balanserte for å oppnå betre livskvalitet. Klimaendringar er eit av dei viktigaste trugs måla mot miljømessig berekraft.*

*«Kunstig intelligens» er den kapasiteten datamaskinar har til å utføre oppgåver som vi tradisjonelt tenkjer på som oppgåver som involverer menneskeleg*

*intelligens.*

*Det kan vere å seie noko om framtida, føreslå val eller skrive tekstar.*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Kunnskap om og forståing av mitt eige fagområde

☐☐

b) Didaktikken innanfor mitt/mine fagområde

☐☐

c) Kunnskap om læreplanar

☐☐

d) Praksis når det gjeld elevvurdering

☐☐

e) Pedagogisk kunnskap for å integrere digitale ressursar og verktøy i undervisninga

☐☐

f) Tekniske ferdigheiter for å kunne bruke digitale ressursar og verktøy

☐☐

g) Bruk av kunstig intelligens i undervisning og læringsaktivitetar

☐☐

h) Elevåtferd og klasseleiing

☐☐

i) Skoleleiing og administrasjon

☐☐

j) Tilnærmingar til individualisert læring

☐☐

k) Undervisning av elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐

l) Undervisning i eit fleirkulturelt eller fleirspråkleg miljø

☐☐

m) Analyse og bruk av elevresultat

☐☐

n) Samarbeid mellom skole og heim

☐☐

o) Metodar for å støtte den sosiale og emosjonelle utviklinga hos elevane

☐☐

p) Kunnskap om og forståing av miljømessig berekraft

☐☐

q) Anna

☐☐

---

## TQ\_22 (LRN)\_nn-NO

**Når du tenkjer på dei aktivitetane som gjeld fagleg og yrkesmessig utvikling, og som du har delteke i i dei siste 12 månadene, i kva grad har dei totalt sett hatt ein positiv innverknad på undervisninga di?  
**Vel berre eitt alternativ.****

*Vel berre eitt alternativ.*

☐ Ikkje i det heile

☐ Til ein viss grad

☐ Ganske mykje

☐ I svært stor grad

---

## TQ\_23 (Version C) (LRN)\_nn-NO

**I kva grad er eigenskapane nemnde nedanfor viktige for deg med tanke på fagleg og yrkesmessig utvikling?**



*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

a) Byggjer på forkunnskapane mine

☐☐☐☐

b) Er tilpassa dei behova for utvikling som eg personleg har

☐☐☐☐

c) Har ein samanhengande struktur

☐☐☐☐

d) Fokuserer på kunnskap eg treng for å undervise i faga mine

☐☐☐☐

e) Gir meg høve til aktiv læring

☐☐☐☐

f) Gir meg høve til å dele idear med kollegaer

☐☐☐☐

g) Gir meg høve til å praktisere/prøve ut nye idear og ny kunnskap i mi eiga undervisning

☐☐☐☐

h) Gir meg høve til å reflektere over mi eiga undervisning

	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
i) Gir meg høve til å drive oppfølgingsaktivitetar				
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
j) Rettar seg mot dei behova vi har ved denne skolen				
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
k) Involverer dei fleste kollegaene ved denne skolen				
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
l) Strekkjer seg over ein lengre tidsperiode (t.d. fleire veker eller lenger)				
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

## TQ\_24 (LRN)\_nn-NO

**Oppgi i kva grad du for tida treng fagleg og yrkesmessig utvikling på kvart av dei områda som er nemnde nedanfor.**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje noko behov  
no

Lite behov

Eit visst behov

Stort behov

a) Kunnskap om og forståing av mitt eige fagområde

☐☐☐☐

b) Didaktikken innanfor mitt/mine fagområde

☐☐☐☐

c) Kunnskap om læreplanar

☐☐☐☐

d) Praksis når det gjeld elevvurdering

☐☐☐☐

e) Pedagogisk kunnskap for å integrere digitale ressursar og verktøy i undervisninga

☐☐☐☐

f) Tekniske ferdigheiter for å kunne bruke digitale ressursar og verktøy

☐☐☐☐

g) Ferdigheiter når det gjeld å bruke kunstig intelligens i samband med undervisning og læring

☐☐☐☐

h) Elevåttferd og klasseleiing

☐☐☐☐

i) Skoleleiing og administrasjon

☐☐☐☐

j) Tilnærmingar til individualisert læring

☐☐☐☐

k) Undervisning av elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐☐☐

l) Undervisning i eit fleirkulturelt eller fleirspråkleg miljø

☐☐☐☐

m) Analyse og bruk av elevresultat

☐☐☐☐

n) Samarbeid mellom skole og heim

☐☐☐☐

o) Metodar for å støtte den sosiale og emosjonelle utviklinga hos elevane

☐☐☐☐

p) Kunnskap om og forståing av miljømessig berekraft

☐☐☐☐

---

**TQ\_25 (LRN)\_nn-NO**

**Kor einig eller ueinig er du i at det som er nemnt nedanfor,  
hindrar deg i å delta i aktivitetar for fagleg og yrkesmessig**

## utvikling?

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært enig

a) Eg har ikkje nødvendige føresetnader for å delta (t.d. kvalifikasjonar, erfaring eller ansiennitet).

☐☐☐☐

b) Fagleg og yrkesmessig utvikling er for dyrt.

☐☐☐☐

c) Manglande støtte frå arbeidsgivaren

☐☐☐☐

d) Fagleg og yrkesmessig utvikling kolliderer med arbeidsplanen min.

☐☐☐☐

e) Eg har ikkje tid på grunn av anna ansvar eller andre plikter.

☐☐☐☐

f) Det finst ingen relevante faglege og yrkesmessige tilbod for meg.

☐☐☐☐

g) Det finst ingen insentiv for å delta i fagleg og yrkesmessig utvikling.

☐☐☐☐

h) På grunn av lang reiseveg er fagleg og yrkesmessig utvikling ikkje mogleg.

☐☐☐☐

i) Fordi det manglar digitale ressursar, er fagleg og yrkesmessig utvikling ikkje tilgjengeleg.

☐☐☐☐

---

## TQ\_Headline\_Teaching\_in\_General\_nn-NO

### Undervisning generelt

---

## TQ\_26\_nn-NO

**Omtrent kor ofte gjer du det som er nemnt nedanfor, ved denne skolen?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

a) Underviser i team i same undervisningstime

☐☐☐☐☐☐

b) Observerer den undervisninga andre lærarar gir, og gir tilbakemelding

☐☐☐☐☐☐

c) Deltek i fellesaktivitetar på tvers av klasser og aldersgrupper (t.d. prosjektarbeid).

☐☐☐☐☐☐

d) Utvekslar undervisningsmateriell med kollegaer

☐☐☐☐☐☐

e) Deltek i diskusjonar om korleis bestemte elevar lærer og utviklar seg

☐☐☐☐☐☐

f) Samarbeider med andre lærarar ved skolen for å sikre felles standardar for vurdering av utviklinga til elevane

☐☐☐☐☐☐

g) Deltek i profesjonelt læringssamarbeid

☐☐☐☐☐☐

h) Samarbeider med foreldre eller føresette for å forbetre elevane sine læringsaktivitetar reint generelt

☐☐☐☐☐☐

---

## TQ\_27\_nn-NO

**I kva grad meistrar du det som er nemnt nedanfor, i undervisninga di?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

a) Få elevane til å tru at dei kan gjere det bra i skolearbeidet

☐☐☐☐

b) Hjelpe elevane til å verdsetje læring

☐☐☐☐

c) Lage gode spørsmål til elevane

☐☐☐☐

d) Handtere forstyrrende åtferd i klasserommet



☐☐☐☐

e) Motivere elevar som viser lita interesse for skolearbeidet

☐☐☐☐

f) Vere tydeleg på kva eg forventar når det gjeld åtferda til elevane

☐☐☐☐

g) Hjelpe elevane til å tenkje kritisk

☐☐☐☐

h) Få elevane til å følgje dei reglane som gjeld i klasserommet

☐☐☐☐

i) Roe ned ein elev som forstyrrar eller bråkar

☐☐☐☐

j) Bruke fleire former for vurdering

☐☐☐☐

k) Kome med alternative forklaringar når elevar ikkje forstår lærestoffet

☐☐☐☐

l) Variere undervisningsstrategiar i klassa

☐☐☐☐

m) Støtte elevane i læringa ved å bruke digitale ressursar og verktøy

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
n) Hjelpe kvar einskild elev med å gjere framsteg			
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
o) Minske skilnader i prestasjonar mellom elevane			
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
p) Støtte den sosiale og emosjonelle utviklinga hos elevane			
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
q) Støtte elevane i læring om miljømessig berekraft			
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

## TQ\_28 (Version A)\_nn-NO

**I kor stor grad greier du i undervisninga di å oppnå det som er nemnt nedanfor?**

*Dette spørsmålet dreier seg om kva du trur du kan greie, uavhengig av eksterne hindringar (t.d. mangel på tid, ressursar og tilrettelegging, eller ymse restriksjonar).*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

a) Tilpasse undervisninga til eit kulturelt mangfald blant elevar

☐☐☐☐

b) Passe på at elevar med og utan innvandringsbakgrunn samarbeider

☐☐☐☐

c) Gjere elevane medvitne om kulturelle skilnader dei imellom

☐☐☐☐

d) Redusere stereotype oppfatningar om etniske grupper blant elevane

☐☐☐☐

e) Passe på at elevar med ulik kulturell eller etnisk bakgrunn samarbeider

☐☐☐☐

f) Gå kritisk igjennom pensum for å finne ut om det forsterkar negative kulturelle stereotypiar

☐☐☐☐

g) Bruke døme som er kjende for elevar med ulik kulturell bakgrunn

☐☐☐☐

## Kor einig eller ueinig er du i utsegnene nedanfor om intelligens og læring?

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært enig

- a) Alle har ein viss grad av intelligens, og ingen kan egentleg gjere noko for å endre sin eigen intelligens.

☐☐☐☐

- b) Intelligensen til folk er noko ved dei som dei ikkje kan endre i nemneverdig grad.

☐☐☐☐

- c) Kven som helst kan lære nye ting, men ingen kan endre den grunnleggjande intelligensen sin.

☐☐☐☐

---

## TQ\_31\_nn-NO

### I kva grad meistrar du det som er nemnt nedanfor, i lærargjeringa di?

*Dette spørsmålet dreier seg om kva du trur du kan greie, uavhengig av eksterne hindringar (t.d. mangel på tid, ressursar og tilrettelegging, eller ymse restriksjonar).*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

- a) Samarbeide med andre fagpersonar og tilsette (t.d. assistentar og andre lærarar) for å undervise elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐☐☐

- b) Få foreldre/føresette involverte i tiltak skolen set i verk dersom dei har born med særlege opplæringsbehov

☐☐☐☐

- c) Samarbeide med andre fagpersonar (t.d. spesiallærarar eller logopedar) om å utforme opplæringsplanar for elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐☐☐

- d) Informere andre som veit lite om kva lover og retningslinjer som gjeld for at elevar med særlege opplæringsbehov skal bli inkluderte

☐☐☐☐

- e) Utforme læringsaktivitetar for å imøtekome elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐☐☐

- f) Tilpasse nasjonale prøver slik at alle elevar med særlege opplæringsbehov kan bli vurderte

☐☐☐☐

# TQ\_33\_nn-NO

## Kven ved denne skolen nyttar dei nemnde typane informasjon som grunnlag for å gi deg tilbakemelding?

*Med «tilbakemelding» er meint all kommunikasjon som du tek imot om undervisninga di, basert på ulike former for innsyn frå andre (t.d. observasjon av korleis du underviser, diskusjonar om det faglege innhaldet/pensum eller elevresultat). Tilbakemeldingar kan kome i form av uformelle diskusjonar med deg eller som ein del av eit meir formelt og strukturert opplegg.*

*«Eksterne sakkunnige ekspertar eller instansar» som det vert referert til nedanfor, kan til dømes vere tilsynsorgan, representantar frå kommune eller fylkeskommune, eller andre utan tilknytning til skolen*

*Vel alle aktuelle alternativ på kvar rad.*

Eksterne ekspertar  
eller instansar

Rektor eller andre i  
leiargruppe ved  
skolen

Andre kollegaer  
ved skolen (ikkje  
frå leiargruppa)

Eg har aldri fått  
denne typen  
tilbakemelding på  
arbeidet mitt ved  
denne skolen.

a) Observasjon av undervisninga mi i klasserommet

☐☐☐☐

b) Spørjeundersøkingar blant elevane om kva dei meiner om undervisninga mi

☐☐☐☐

c) Vurdering av fagkunnskapen min

☐☐☐☐

d) Resultat som elevane mine oppnår ved ekstern vurdering (t.d. prestasjonar på nasjonale prøver)

☐☐☐☐

e) Elevresultat som blir fastsette på skole- eller klassenivå (t.d. standpunktkarakterar, vurdering av prosjektarbeid, skolebaserte prøver)

☐☐☐☐

f) Eigenvurdering av arbeidet mitt (t.d. mappevurdering eller analyse av eiga undervisning ved bruk av video)

☐☐☐☐

---

## TQ\_33\_Skip\_nn-NO

**Dersom du svarte «Eg har aldri fått denne typen tilbakemelding på arbeidet mitt ved denne skolen» på alle punkta ovanfor, ver vennleg å gå til spørsmål 70.**

---

## TQ\_34\_nn-NO

**Tenk på dei tilbakemeldingane du har fått i dei siste 12 månadene. Har dei ført til ei positiv endring i nokon av dei nemnde sidene ved jobben din som lærar?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Kunnskap om og forståing av fagområdet mitt eller fagområda mine

☐☐

b) Kunnskap om og forståing av didaktikk innanfor fagområdet mitt eller fagområda mine

☐☐

c) Bruk av prøver for å forbetre læringa til elevane

☐☐

d) Klasseleiing med tanke på åtferda til elevane

☐☐

e) Metodar for å undervise elevar med særlege opplæringsbehov

☐☐

f) Metodar for å undervise i eit fleirkulturelt eller fleirspråkleg miljø

☐☐



g) Metodar for å bruke digitale ressursar og verktøy i undervisninga

☐☐

h) Metodar for å støtte den sosiale og emosjonelle utviklinga hos elevane

☐☐

i) Metodar for å engasjere elevane i tema om miljømessig berekraft

☐☐

---

## TQ\_35\_nn-NO

**Kor einig eller ueinig er du i utsegnene nedanfor om di eiga undervisning?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært einig

a) Eg er komfortabel med å gi elevane opplæring i sosiale og emosjonelle ferdigheiter.

☐☐☐☐

b) Det fell naturleg for meg å ta vare på elevane sine sosiale og emosjonelle behov.

☐☐☐☐

- c) Uformell undervisning med tanke på sosial og emosjonell utvikling hos elevane er ein del av den vanlege undervisningspraksisen min.

☐☐☐☐

## TQ\_37\_nn-NO

### I kva grad kan du ved hjelp av digitale ressursar og verktøy gjere det som er nemnt nedanfor?

*Dette spørsmålet dreier seg om kva du trur du kan greie, uavhengig av eksterne hindringar (t.d. mangel på tid, ressursar og tilrettelegging, eller ymse restriksjonar).*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

- a) Finne fram til digitale ressursar og verktøy som kan støtte meg når eg underviser i faget mitt eller faga mine

☐☐☐☐

- b) Bruke digitale ressursar og verktøy for å presentere omgrep på ulike måtar for elevane

☐☐☐☐

- c) Velje ut digitale ressursar og verktøy som fremjer læringa hos elevane

☐☐☐☐

d) Tilpasse bruken av digitale ressursar og verktøy til ulike undervisningsaktivitetar

☐☐☐☐

e) Informere elevane om potensielle risikofaktorar knytte til digitale ressursar og verktøy

☐☐☐☐

f) Bruke digitale ressursar og verktøy til å kommunisere med foreldre

☐☐☐☐

g) Lære å bruke teknologi som er ny for meg

☐☐☐☐

---

## TQ\_38\_nn-NO

**Kor einig eller ueinig er du i utsegnene nedanfor om bruken av digitale ressursar og verktøy i samband med læring?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært einig

a) Bruk av digitale ressursar og verktøy hjelper elevane med å utvikle større interesse for å lære noko.

☐☐☐☐

b) Bruk av digitale ressursar og verktøy hjelper elevane med å utvikle ferdigheiter når det gjeld å planleggje og overvake sitt eige arbeid.

☐☐☐☐

c) Bruk av digitale ressursar og verktøy er med på å forbetre dei faglege prestasjonane til elevane.

☐☐☐☐

d) Bruk av digitale ressursar og verktøy distraherer elevane i læringsprosessen.

☐☐☐☐

e) Bruk av digitale ressursar og verktøy avgrensar omfanget av personleg kommunikasjon mellom elevane.

☐☐☐☐

f) Hyppig bruk av digitale ressursar og verktøy verkar negativt inn på trivselen til elevane.

☐☐☐☐

g) Bruk av digitale ressursar og verktøy fører til at elevane leverer innhald frå internett som dei utgir for å vere eige arbeid.

☐☐☐☐

h) Bruk av digitale ressursar og verktøy hjelper elevane til å samarbeide effektivt om oppgåver.

☐☐☐☐

## TQ\_38\_a\_nn-NO

**Når du tenkjer på bruk av kunstig intelligens i undervisning, i kva grad er du einig eller ueinig med utsegnene nedanfor?**

*«Kunstig intelligens» er den kapasiteten datamaskinar har til å utføre oppgåver som vi tradisjonelt tenkjer på som oppgåver som involverer menneskeleg intelligens. Det kan vere å seie noko om framtida, føreslå løysingar eller skrive tekstar.*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært einig

Veit ikkje

a) Kunstig intelligens hjelper lærarar med å skrive eller forbetre læreplanar.

☐☐☐☐☐

b) Kunstig intelligens set lærarar i stand til å tilpasse læremateriell til elevane sine føresetnader.

☐☐☐☐☐

c) Kunstig intelligens hjelper lærarar til å kunne gi elevane individuell støtte.

☐☐☐☐☐

d) Kunstig intelligens kan brukast til å gi støtte til elevar med spesielle behov (t.d. framandspråklege elevar eller elevar med behov for spesialundervisning).

☐☐☐☐☐

e) Kunstig intelligens hjelper lærarar med å automatisere administrative oppgåver.

☐☐☐☐☐

f) Kunstig intelligens gjer det mogleg for elevar å framstille andre sitt arbeid som sitt eige.

☐☐☐☐☐

g) Kunstig intelligens kan kome med forslag som ikkje er passande eller korrekte.

☐☐☐☐☐

h) Kunstig intelligens støttar opp under meiningar som forsterkar feiloppfatningar blant elevane.

☐☐☐☐☐

i) Kunstig intelligens set personvernet og tryggleiken til elevane sine data i fare.

☐☐☐☐☐

j) Kunstig intelligens føreslår upassande pedagogiske tilnærmingar som lærarar kan kome til å bruke overfor elevane.

☐☐☐☐☐

# Utdanning og miljømessig berekraft

*Denne delen inneheld spørsmål knytte til miljømessig berekraft, med særleg vekt på klimaendringar.*

*«Miljømessig berekraft» inneber at vi som lever i dag, får dekt våre grunnleggjande behov utan at det gjer det vanskelegare for framtidige generasjonar å få dekt sine behov. Det inneber òg å balansere miljømessige, samfunnsmessige og økonomiske omsyn for å oppnå betre livskvalitet i framtida. Klimaendringar er eit av dei viktigaste trugsmåla mot miljømessig berekraft.*

*«Klimaendringar» omfattar global oppvarming, men refererer òg til eit breiare spekter av endringar, som stigande havnivå, minkande isbrear, raskare smelting av is kring polane, endringar i blomstringstida til plantar, i tillegg til at endringane får verknader for miljø, økonomi og samfunn.*

---

## TQ\_39\_a\_nn-NO

**Har du i dei siste 12 månadene brukt kunstig intelligens i undervisninga di eller for lette innlæringa hos elevane?**

*Vel berre eitt alternativ.*

☐

Ja

☐

Nei

## TQ\_39\_nn-NO

### I kva grad kan du gjere det som er nemnt nedanfor, når det gjeld miljømessig berekraft?

*Dette spørsmålet dreier seg om kva du trur du kan greie, uavhengig av eksterne hindringar (t.d. mangel på tid, ressursar og tilrettelegging, eller ymse restriksjonar).*

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ikkje i det heile

Til ein viss grad

Ganske mykje

I svært stor grad

- a) Samarbeide med andre lærarar ved skolen for å forbetre undervisninga om miljømessig berekraft

☐☐☐☐

- b) Samarbeide med ekspertar (t.d. forskarar eller tilsette ved statlege eller andre organisasjonar) for å utvikle løysingsorientert undervisning om utfordringar knytte til miljømessig berekraft

☐☐☐☐

- c) Setje elevane i stand til å innarbeide klimavennlege vanar (t.d. redusert forbruk, etisk forbruk, gjenbruk og gjenvinning)

☐☐☐☐



d) Setje elevane i stand til å delta i aktivitetar for å ta vare på miljøet (t.d. skrive lesarinnlegg i aviser, poste innlegg på sosiale medium, signere underskriftskampanjar eller snakke med venner og foreldre)

☐☐☐☐

e) Hjelpe elevane til å identifisere misoppfatningar og feilinformasjon om miljømessig berekraft

☐☐☐☐

f) Ha omsorg for elevane når dei er bekymra for miljøet i framtida

☐☐☐☐

g) Hjelpe elevane til å gjere kunnskap om klimaendringar om til handlingar

☐☐☐☐

---

## TQ\_40\_a\_nn-NO

**Har du brukt kunstig intelligens på dei nemnde måtane i undervisninga di for å forbetre læringa til elevane?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) For å vurdere og setje karakter på arbeidet til elevane

☐☐

b) For å effektivt lære om og samanfatta eit emne

☐☐

c) For å lage læreplanar eller planleggje aktivitetar

☐☐

d) For å gi hjelp til elevar med behov for spesielt tilrettelagd undervisning

☐☐

e) For automatisk å tilpasse vanskegraden i læremateriell til dei behova elevane måtte ha

☐☐

f) For å skrive tekstar som gir elevane tilbakemeldingar, eller for å kommunisere med foreldre/føresette

☐☐

g) For å gjennomgå data om elevane si deltaking eller om prestasjonane deira

☐☐

h) For å hjelpe elevane når det gjeld å praktisere nye ferdigheiter i verkelege situasjonar (t.d. innlæring av framandspråk, kreativ skrivning, datakoding og problemløysing)

☐☐

i) Anna

☐☐

## TQ\_40\_nn-NO

**Kor einig eller ueinig er du i utsegnene nedanfor om klimaendringar?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Svært ueinig

Ueinig

Einig

Svært einig

- a) Eg føler meg trygg på at eg kan svare på dei spørsmåla elevane måtte kome med om klimaendringar.

☐☐☐☐

- b) Eg har dei ressursane eg treng for å undervise om klimaendringar.

☐☐☐☐

- c) Eg er redd for å få klager frå foreldre/føresette når det gjeld undervisning om klimaendringar.

☐☐☐☐

- d) Eg føler meg komfortabel med å undervise om klimaendringar.

☐☐☐☐

e) Leiargruppa ved skolen oppmodar oss om å gi elevane høve til å ta grep når det gjeld klimaendringar.

☐☐☐☐

---

## TQ\_41\_a\_nn-NO

**Er årsakene nemnde nedanfor grunnar til at du ikkje bruker kunstig intelligens i undervisninga di eller for å lette innlæringa hos elevane?**

*Vel eitt alternativ på kvar rad.*

Ja

Nei

a) Skolen manglar den nødvendige infrastrukturen (t.d. digitale verktøy og ressursar) for at eg kan bruke kunstig intelligens.

☐☐

b) Eg har ikkje den kunnskapen og dei ferdigheitene som trengst for å bruke kunstig intelligens i undervisninga.

☐☐

c) Eg trur ikkje at vi bør bruke kunstig intelligens i undervisning.

☐☐

